



NVE, Konesesjonsavdeling

PB 5091 Majorstuen

0301 Oslo

nve@nve.no

kopi: Ole Per Schei, ops@nve.no

Dykkar ref.:

Sandane, 02.04.2019

Vår ref.: 1457834 / 2

Sakshandsamar: Ragna F. Haugland/930 06 650

SØKNAD OM FRÅVIK FRÅ MANØVRERINGSREGLEMENT

SFE Produksjon AS er driftsoperatør for kraftverka i Gloppenelva, Breimsvassdraget, Gloppen kommune, Sogn og Fjordane Fylke. På vegne av regulanten Gloppen Energi AS vert det søkt om å fråvike manøvreringsreglementet for Breimsvassdraget **i mai månad 2019.**

Gjeldande konsesjon er gjeven i kgl.res. 16.02.1979, med vilkår pkt.2 i manøvreringsreglementet, slik:

I tida når vårflaumen byrjar, men seinast frå 1. mai til 1. oktober, skal dammen så vidt råd er manøvrerast slik at vasstanden i Breimsvatnet og vassføringa i elva til ei kvar tid ligg nær tilhøva som ville vore utan regulering. Regulanten skal syta for at den naudsynte utrekning for rekonstruksjon av dei naturlege tilhøve blir gjennomført.

Ved manøvreringa skal ein elles ha for auga at naturleg flaumvassføring ikkje aukar. Heller ikkje må lågvassføringa minka til skade for andre sine interesser.

Manøvreringa av dammen skal gå for seg slik at vassføringsendringane i elva ikkje vert for brå.

Elles kan vassleppinga skje etter det Gloppen Elektrisitetsverk har trong for.


Bakgrunn for søknad om fråvik

Det pågår for tida arbeid med ombygging av inntak til Trysilfossen kraftverk, ref. NVE vedtak om godkjenning av detaljplan for landskap og miljø, datert 07.01.2019 (NVE ref. 201841877-2). Inntaket ligg ved utløpet av Breimsvatnet. Breimsvatnet har HRV = kote 61,139 og LRV = kote 59,339. Brorparten av arbeidet vert utført som undervassarbeid utført med dykkarar, og arbeidet er no forseinka.

For å kunne utføre arbeid under vatn trygt må ein ha kontroll på vasstraumen forbi inntaket. Dette vert regulert med damluka i Trysilfossen. Det er i tillegg ynskjeleg å gjennomføre mest mogleg av arbeidet turt (utan dykkarar). Vassnivået i Breimsvatnet vil difor verte forsøkt halde stabilt rundt kote 60 (ca. 1 meter under HRV) i perioden fram til 1. juni. For å få til det må tapping ut av Breimsvatnet skje omtrent i samsvar med tilsiget.

Vi søker med dette om løyve til å fråvike køyring etter tabell i perioden 01.05-31.05.2019.

Som vasstandsdata frå dei 5 siste åra syner, ligg vasstanden i Breimsvatnet i den aktuelle perioden for åra 2014-2017 rundt den høgda som trengs for å utføre arbeidet. Det er difor ikkje sikkert at fråvik frå tabell vil gi særleg større endringar i vasstand enn det normalt har ligge på. Det er lite snø i fjellet, og flaumrisikoen er dermed noko lågare enn normalt (ref. senorge.no der snømengdene i området pt. ligg på rundt 50-70 % av median).



Vurdering av moglege effektar av fråviket

Auka vassføring nedstraums vil kunne påverke tidspunkt for opp-/nedvandring av fisk i Gloppeelva, men av lite merkbart omfang. Fisketida i Gloppeelva startar 1. juni. Fråviket er søkt avslutta 31. mai og reguleringa vil dermed vere etter tabell når fisket startar og vidare utover i fiskesesongen.

Trysilfossen kraftverk vil verte køyrt i periodar når det ikkje pågår arbeid på inntaket. Start og stopp av aggregat og manøvrering av damluke Trysilfossen vil av omsyn til fisk verte utført slik at ein får rolege vassføringsendringar i elva. Vassdraget fører normalt mykje vatn frå midten av april og me vurderer det slik at fråviket ikkje vil få negative effektar på erosjon langs elva.

For brukarinteresser og grunneigarar langs vatnet vurderer vi at det ikkje vil verte negative konsekvensar. Fråviket vil ha ein flaumdempande verknad sidan ein vil halde vatnet på eit lågare nivå enn det som elles ville vore situasjonen. Normalsituasjonen for Breimsvatnet er overløp frå midten av mai.

Vi vurderer at tiltaket ikkje vil medføre endringar knytt til forureining i vassdraget.

På vegne av Gloppen Energi AS,

SFE Produksjon AS



Ragna Flatla Haugland

Fagleiar miljø

.....
Per-Helge Eikeland (sign).

Vassdragsteknisk ansvarleg

